



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/110715-11

Dykkar referanse:
14/6423 - 17/10168

Vår dato:
02.05.2017

Uttale til utvida planområde og offentleg ettersyn av endringar i reguleringsplan Nesfossen næringsområde, plan-ID 1263-201508 – Lindås kommune

Vi viser til utvida plangrense og revidert planforslag for Nesfossen næringsområde, motteke 05.04.2017. Føremål med planen er å legge til rette for ei større utviding av eksisterande akvakulturanlegg som ligg på Nesfossen i dag.

Motsegn

Statens vegvesen varsla motsegn til reguleringsplanen ved første gongs høyring i 2016, ettersom trafikktryggleik og tilknytning til offentleg vegnett ikkje var vurdert i planframlegget. I etterkant av dette har Statens vegvesen hatt dialog med tiltakshavars plankonsulent, for å klargjere kva som bør liggje til grunn for val av løysing.

Vurdering av planframlegget

Statens vegvesen saknar ei sjølvstendig vurdering av trafikk- og tilkomsttilhøva, slik vi har bede om i våre tidlegare brev, datert 26.08.2016 og 20.01.2017. Dette burde ligge til grunn for vurdering og val av løysing.

I det reviderte planforslaget, er det foreslått ei delvis kanalisert kryssløysing, det det er venstresvingefelt for trafikk frå sør som skal inn til næringsområdet. Det er også regulert inn ei dråpeøy i sekundærvegen. Etter vår vurdering er dette riktig løysing for dette krysset. Venstresvingefeltet er noko kort, men vi kan akseptere den framlagte løysinga, ettersom mengda trafikk til næringsområdet er avgrensa. På denne bakgrunn vurderer Statens vegvesen at vi kan trekke vår motsegn til planen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I føresegnene bør det innarbeidast krav om at byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak. Vi gjer òg merksam på at det må utarbeidast arbeidsvarslingsplan og at tiltakshavar må inngå gjennomføringsavtale med Statens vegvesen for tiltaka knytt til fylkesvegen.

Konklusjon

På bakgrunn av det oversendte planforslaget, kan Statens vegvesen trekke vårt varsel om motsegn mot reguleringsplan for Nesfossen, Plan-ID 1263-201508.

Vi ber om at føresegn om byggeplan for tiltak på fylkesvegen vert innarbeidd i reguleringsplanen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN